

Festivalcamp med plass til 30 telt

30.07.2009



Jone Andreassen og David Mehl får plass til 30 telt i festivalcampen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Festivalcampen under Festidalen blir som for to år sidan etablert på den tidlegare ridebana til Magne Huglen, som sist er nytta som paintballbane.

Her var det plass til 30 telt sist og arrangøren opererer med det same talet denne gangen.

Og det betyr igjen at opptil 240 kan campa ved Dønhaughølen - utifra eit gjennomsnitt på åtte i kvart telt.



Festivalcampen ligg ved Dønhaughølen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Her skal det bli riktig triveleg, lovar campsjef Jone Andreassen som vil ha ein stab på ni personar til disposisjon. Driftsansvaret for campen er det Rosendal Lyd og Lys som har. Festival-leiinga fann at dei hadde så mange ballar i lufta denne gongen at dei burde overlata ansvaret for campen til andre og Rosendal-firmaet vart valt. Inntektene frå campen vil i sin heiheit gå inn i firmaet, fortel campsjefen. Prisen er låg - berre 100 kroner dagen. Andreassen er ikkje det minste redd for at campen skal ende som eit gjørmehol hvis det blir for mykje regn. Den gamle ridebana har eit solid sandlag som tek seg effektivt av vatnet.

Campen opnar fredag føremiddag klokka kvart på tolv og skal vera avvikla innan sundag klokka 15. Det blir sjølvsagt vakthald døgnet rundt og i vaktstaben er det folk frå heile området mellom Rosendal og Valen. På campen vil det bli seld vanleg campingmat som pølse og hamburgar og det blir spela musikk når ikkje konsertane er i gang.

- Campen har ein fantastisk, strategisk plassering. Herifrå kan ein både sjå og høyra alt som skjer på og rundt scena, seier campsjefen.

Av Ola Matti Mathisen



Rosendal Lyd og Lys har driftsansvaret. (Foto: Ola Matti Mathisen)